

---

Saksnr: 2021/16088-2  
Saksbehandlar: Roald Breistein

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

---

Fylkesrådmannen orienterer om status i høve arbeid med etikk i Vestland fylkeskommune

**Forslag til vedtak**

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

**Samandrag**

Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet skal få orientering frå fylkesrådmannen på korleis status er i Vestland fylkeskommune når det gjeld arbeid med etikk.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
seniorrådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

I samband med møte i kontrollutvalet 22.03.2021 vart dette protokollert i sak PS 28/21 Eventuelt:

*«Etter forslag frå sekretariatet vart kontrollutvalet samde om å be fylkesrådmannen komme i neste møte for å gjera greie for status når det gjeld arbeid med etikk i Vestland fylkeskommune. Dette kan t.d. omfatte kva som er gjort på området i 2020, kva som er planlagt gjort i 2021 osv.*

*Kontrollutvalet slutta seg til dette.*

*Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.*

### Vedtak

2. *Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen komme i neste møte for å gjera greie for status når det gjeld arbeid med etikk i Vestland fylkeskommune.»*

Ei slik orientering kan t.d. innehalde slike opplysningar:

1. Kva er gjort på området siste året
2. Kva er planlagt å gjere det neste året
3. Er det gjennomført dilemmatrening
4. Er det halde kurs eller seminar
5. Osv.

KS og Transparency International Norge (TI Norge) har laga ei dilemmasamling om refleksjon rundt etikk og antikorrupsjon i kommunar og fylkeskommunar som fins på denne lenkja:

<https://www.fkt.no/nyheter/dilemmasamling-for-kommuner-og-fylkeskommuner/>

Det vil vera ei føremon om det også vert orientert om fylkeskommunen har laga eit antikorrupsjonsprogram eller har vurdert å lage eit slikt program. Jf. i samband med dette «Håndbok i antikorrupsjon - Beskytt kommunen» som du finn på denne lenkja:

<https://www.ks.no/globalassets/Beskytt-kommunen-Handbok-i-antikorrupsjon.pdf>

### Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i sak der utvalet vil innhenta informasjon, jf. kommunelova § 23-2.

### Vurderingar og verknader

Det er gjort avtale med fylkesrådmannen om at han kjem i dette møtet for å orientere kontrollutvalet om temaet.

### Konklusjon

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet, på bakgrunn av informasjonen som kjem fram i møtet, drøftar seg fram til ein konklusjon.